



– Slaget står i skulen

Nyvald leiar Peder Lofnes Hauge er klar til kamp for nynorsk-elevane. Han er særleg uroleg for ransonene.

SIDE 14–16



Lovande medlemstal

– Viktig for å leggje tyngd bak dei politiske krava, seier nestleiar og fungerande leiar Synnøve Marie Sætre.

SIDE 18



Kommunen som svikta

– Det er tilfeldig om nynorskelevane våre får undervisning i og på nynorsk, seier ei foreldregruppe i Hemsedal.

SIDE 11–13

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
juni 2020

Målmannen i Grotten

– Nynorsken har alltid vore ein tilhaldsstad for meg, seier forfattar og omsetjar Jon Fosse.

SIDE 4–5 OG 6–8



Foto: Katrine Gade

Den kommunale ukulturen

NT Nynorskelevane har – heilt sidan krigen – blitt færre og færre. Når vi spør oss kvifor, er det ofte dei nasjonale forklaringane om det dominerande bokmålet og den vesle nynorsken som blir trekte fram. Vi har i liten grad retta lupa mot dei som ligg elevane si skriveopplæring aller nærest: kommunane. Kanskje er vi vane med å tenkje at nynorsk-kommunar alltid vil nynorskelevane vel? I så fall: Så feil kan ein ta. Gjennom årelange lovbroter kombinert med passivitet har kommuneadministrasjonen i Hemsedal sytt for å gjere det langt på veg uråd å vere nynorskelev, og dermed langt på veg drive nynorsk ut av skulane i kommunen. Riksmaalsforbundet, Bokmaalsforbundet og andre som ønskjer skriftfestinga av det norske folkemålet dit peparen gror, kunne ikkje bede om betre støttespelarar enn dei har hatt i Hemsedal kommune dei siste tiåra.

NT Men det kommunale problemet handlar ikkje berre om lovbroter. Diverre ligg noko av forklaringa på den lokale svikten mot nynorskelevar og i sjølve lova kommunane skal halde seg til. Når elevane kjem til ungdomsseget, kan både skulane i Hemsedal og andre norske kommunar la vere å undervise på nynorsk med lova i hand. Det finst ingen reglar som legg føringar på korleis nynorsk og bokmål skal brukast i språkdelklassar, eller som seier at ungdomsskulelærarar skal kommunisere med elevane på deira eige hovudmål. Og då skjer det ofte ikkje.

NT No skal Noreg få ny opplæringslov. Dersom Noregs Mållag ikkje får til betre rettar for nynorskelevane og eit betre tilsyn med at kommunane følgjer regelverket, ser ikkje dei neste 75 åra det spor lysare ut for nynorskelevane.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO


Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Den nynorske kvar

DET ER UNDERLEGE tider. Sjølv om samfunnet stegvise blir opna opp att, ligg store delar av verda framleis i ein slags dvale. Alt skal bli som før etter koronakrisa, men kåra for nynorsken må bli betre. Det blei ikkje landsmøte på Sola i april, men ingen virus i verda kan stogge norsk målreising. Viruset skal gå sin veg, men internett er kome for å bli. Og på internett fekk eg æra av å bli vald til ny leiar i Noregs Mållag. Tusen takk for tilliten!

Alle ventar på kvardagen etter korona. Eg ventar på den nynorske kvardagen, der det er like enkelt å sjå og bruke nynorsk som bokmål, på alle område i samfunnet.

SOM VENSTREMMAN ER det lett å drøyme seg attende til gamle dagar, då leiarvervet i mållaget gjerne var noko venstrefolk tok på seg etter at ein hadde vore statsminister i Noreg. Både Venstres oppslutning og talet på elevar med nynorsk som opplæringsmål var større då. Ingen dagar kjem attende. Alt er her og no, og Venstres kulturminister Abid Raja har nyleg sendt ei ny språklov til Stortinget. Denne skal erstatte den gamle lov om målbruk i offentleg teneste (mållova).

REGJERINGA HADDE EIN historisk sjanse, men lova blei ikkje det løftet for nynorskbrukarane som vi hadde håpt. I mållaget har vi vore særlig kritiske til at det ikkje lenger står eksplisitt i lova at tilsette i staten må meistre både bokmål og nynorsk. Ansvaret for målbruken blir plassert på organet, ikkje den tilsette. Slik er også makta over språkpolitikken flytta frå dei folkevalde i Stor-

NT LEIARTEGEN




PEDER LOFNES HAUGE
leiar i Noregs Mållag

tinget til den administrative leiinga i til dømes Statsbygg. Dette må Stortinget rett og slett rydde opp.

– Det er ikke nødvendig at alle som skal jobbe i offentlig forvaltning må beherske begge målformer, seier stortingsrepresentant Tage Pettersen frå Høgre i Klassekampen 14. mai. Han er fornøgd med Raja si formulering om skrivekompetanse. Eit tydelegare prov på at Stortinget bør rydde opp, er det vanskeleg å få. Det er friskt av ein kulturminister frå Venstre å oversetje dette som noko ute-lukkande positivt på dagen 135 år etter at Venstre tvinga gjennom det radikale jamstillingssvedtaket i Stortinget - mot nettopp Høgre sine røyster. Det kan sjå ut som om Venstre på somme område har gjort språkpolitisk knefall for Høgre og embetsverket. Heldigvis har dei framleis høve til å justere seg.

OPPLÆRINGSLOVA ER OGSÅ ei viktig språklov. Når styresmaktene no skal revidere opplæringslova, blir dei viktigaste krava frå mållaget at vi får på plass Odda-modellen, og at vi sikrar digitale læremiddel på nynorsk.



Illustrasjon: Astrid Marie Grov / Audun Skjervøy

dagen etter korona

Mange ungdomsskuleelevar med nynorsk som hovudmål får i dag store delar av undervisinga på bokmål. Slik kan vi ikkje ha det. Å få rett til å gå i eigne nynorskklassar også på ungdomsskulen vil gje ei betre språkopplæring, og det vil truleg redusere språkskiftet frå nynorsk til bokmål.

Stortingsfleirtalet bad i 2016 om ei utgreiing av retten til å gå i eigen nynorskkasse ut heile grunnskulen, men regjeringa, som faktisk er for dette i si eiga politiske plattform, har trenert saka. I statsbudsjettet for 2020 vart det vist til arbeidet med NOU-en om ny opplæringslov (NOU 2019: 23 Ny opplæringslov). Då NOU-en kom, tok ikkje utvalet stilling til spørsmålet, fordi dei meinte det var eit politisk spørsmål. No ligg ballen igjen hos regjeringa – og eg forventar at kunnskapsminister Guri Melby set han i mål.

DEN KANSKJE ALLER største utfordringa for nynorskelevane er at dei ikkje har den same retten og tilgangen på digitale læremiddel som bokmåselevane. Opplæringslova hindrar ikkje nynorske klasserom frå å fløyme over av ei mengd digitale læringsressursar på bokmål. Når nynorskelevane i tillegg gjerne har kontorstøtteprogram utan nynorsk retteprogram, så får dei ei dårlegare språkopplæring enn bokmåselevane. Ingen kunnskapsminister kan sitje og sjå på at nynorskelevane blir handsama som andrarangselevar.

EG GLER MEG til å stå på for målsaka i åra som kjem, saman med ein rekordstor organisasjon. Eg gler meg til å jobbe med det nye styret, og særleg den utruleg dyktige nestlearen Synnøve Marie Sætre, som tidlegare har vore leiar av Norsk Målungsdom. Når du les

denne leiarteigen, er eg i pappapermisjon med dottera mi Ingeborg. Når hausten kjem, ser eg fram til å reise rundt og drive målsak mellom bakkar og berg og ute med havet.

VI FÅR VONE at kurvene som viser koronasmitte, då har flata heilt ut, slik at vi igjen kan fokusere på at nynorsken får spreie seg.

*Alle ventar på kvar-dagen etter korona.
Eg ventar på den ny-norske kvardagen, der
det er like enkelt å sjå
og bruke nynorsk som
bokmål, på alle om-
råde i samfunnet.*

Målform for eksamen vil være norsk bokmål og engelsk. Det vil være anledning til å besvare oppgaven på bokmål, engelsk, eller øvrig skandinavisk språk (nynorsk/svensk/dansk).

Universitetet i Oslo gjer greie for språket på eksamen i informatikk

Målform for eksamen vil være norsk bokmål og engelsk. Det vil være anledning til å besvare oppgaven på norsk (bokmål/nynorsk), engelsk eller øvrige skandinaviske språk, herunder svensk og dansk.

Universitetet i Oslo prøver igjen etter kritikk

Det synet seg at Wikipedia-artikkelen om «Stao no pau» finst på bokmål MEN IKKJE PÅ NYNORSK og eg er mildt sagt forbanna.

@jenskihl på Twitter

De kule gutta sa alltid at de hatet nynorsk. Jeg jattet med og sa jaja, men egentlig har nynorsk alltid vært som en bror for meg.

@mortenminsten på Twitter

Jeg vet du er supermann, men kanskje trenger også du litt mer tid til å sette deg inn i loven før du konkluderer? Nynorskens plass øker, svekkes ikke. Og det er faktisk ikke triste greier.

@abidraja svarar @jenskihl på kritisk kommentar om språklova på Twitter

Selv med smittevernbrillene på er det vanskelig å se at begrepet kohort skal kunne dekke de faste gruppene med friske smårollingar og voksne; man må nesten ha Asterix-briller på i tillegg.

Språkrådet om 'kohort' på nettsidene sine

– Det er et fagord som skal brukes innad i barnehage og skole, og som vi ikke anbefaler å bruke ut.

Utdanningsdirektoratet til klick.no om 'kohort' – ordet alle brukar

Klokken var ti på halv ti. Noen spilte «Ja, vi elsker» på saksofon fra en takterrasse innenfor ring 2 i Oslo. Et par unge menn kom med hver sin åpnede ølboks. Noen i bunad kom bærende på kaker på vei til frokost. På Vår Frelsers gravlund sto en nynorsk-kohort ved Ivar Aasens grav for å legge ned krans.

Jo, det var spor av nasjonaldag i byen.

Aftenpostenkommentator Kjetil Alstadheim lodda stemninga i hovudstaden på 17. mai

Stortinget må rydde i Abid Raja si språklov

– Den nye språklova vil ikkje gje det løftet for nynorskbrukarane vi hadde grunn til å håpe.

På nokre område vil lova faktisk kunne svekkje vilkåra for nynorsken. Det er ikkje noko å feire, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

På dagen 135 år etter jamstillingssvedtaket la regjeringa fram den aller fyrste språklova i noregshistoria. Ho blei ikkje helt slik som mållagsleiaren hadde ønskt.

– Det er veldig bra at regjeringa eksplisitt lovfestar det offentlege sitt ansvar for å styrke nynorsk. Det er historisk! Det er likevel skuffande at regjeringa ikkje har nyttat dette historiske høvet til å kome med ein skikkeleg offensiv språkpolitikk i tråd med føremålet som står i lova, seier Peder Lofnes Hauge.

Han er òg glad for at fylkeskommunane no får fleire plikter til å oppfylle nynorskbrukarane sine rettar. Det er ei klar forbetring, sjølv om lova ikkje går like langt som framlegget Trine Skei Grande sende på høyring.

– Vanskelegare for staten å oppfylle lovkrava

Der tilsette i staten i dag må kunne skrive både nynorsk og bokmål, vil regjeringa leggje ansvaret på statsorgana sjølve, om det så tyder at nynorskkompetansen kjem i form av ein innleigd språkkonsulent. Dette vil føre til endå mindre nynorsk i staten enn vi ser i dag, meiner mållagsleiaren.

– Det er vanskeleg å sjå korleis ein skal nå målet om å styrke nynorsk som det minst brukte språket, samstundes som ein føreslår eit regelverk som i ytste konsekvens gjer at berre ei handfull personar i kvart statsorgan treng å meistre begge dei to jamstilte norske språka, seier Peder Lofnes Hauge.

– Eg trur regjeringa har ønskt å vidareføre kravet om at ein må kunne skrive nynorsk for å arbeide

i staten, men Stortinget må rydde i lovteksten slik at dette kravet blir like absolutt som i dag. Dette er eit språkpolitisk spørsmål som høyrer heime hos dei folkevalde i Stortinget, og ikkje hos den administrative leiinga i til dømes Statsbygg.

Peder Lofnes Hauge meiner språklova treng språkvask på Stortinget, og forventar at regjeringa legg opp til at Stortinget får høve til å skjerpe lova til fordel for nynorsk.

– Feiga ut på fylkeskommunane

I regjeringa sitt fyrste framlegg til språklov vart det stilt talfesta krav til målbruk i fylkeskommunane. Det ville gjeve meir nynorsk i dei områda der nynorsken lever særlig utsett, som nynorskområda på Austlandet.

– Vi tykte det var spenstig og nytenkande språkpolitikk for framtida. No har regjeringa gått vekk frå eigne gode framlegg og gjort det opp til godviljen til tilfeldige politiske fleirtal å avgjere om folket skal møte nynorsk frå fylkeskommunen sin, seier Peder Lofnes Hauge.

– Særleg i nye fylke sett saman av fylke med lange nynorsktradisjonar og fylke utan, er det høgst usikkert om det er politisk vilje over tid til å bruke nynorsk. Innlandet og Vestfold og Telemark er til dømes berre eitt enkeltståande bokmålsvedtak unna å hindre innbyggjarane frå å møte nynorsk frå fylkeskommunen sin i ålmenne dokument, seier Peder Lofnes Hauge.

– Nokre lyspunkt

Mållaget meiner òg regjeringa har gjort nokre gode grep i lovframlegget.

– I føremålet med lova blir det presisert at nynorsk skal ha eit særskilt vern. Det er eit framsteg. Regjeringa har òg gått vekk frå nemninga målform, som er ei uheldig leivning frå samnorskstida, og kalla nynorsk og bokmål for det dei bør kallast: språk. Dessutan gjev denne språklova eit solid vern for språkmangfaldet i Noreg.



NØGD: Kulturminister Abid Raja var sjølv svært nøgd med framlegget til ny språklov som han sende til Stortinget. Mållagsleiaren Peder Lofnes Hauge er ikkje like overtydd.

Foto: Ilja C. Hendel/Kulturdepartementet



UHØGTIDELEG OVERREKKING: Utanfor Grotten, der han bur, fekk Jon Fosse Nynorsk

Nynorsk litteratur

Jon Fosse fekk Ny-norsk litteraturpris 2019 for boka *Det andre namnet*, første del av Septologien.

PRISEN VART DELT UT av Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, i hagen utanfor Grotten, Statens æresbustad for kunstnarar, der Jon Fosse bur.

– Nynorsk har vore som ein heim for meg i eit omskifteleg liv, sa Jon Fosse då han fekk prisen.

Nynorsk litteraturpris er på

30 000 kroner, og han har vorte delt ut sidan 1982. Det er Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Samlaget som står bak prisen, og det er tredje gong Jon Fosse får prisen.

Juryen skriv mellom anna dette i grunngjevinga: «Vinnarromanen er dei to første boklane av eit storverk. På mange måtar er denne boka typisk for forfattaren, og samstundes vitnar ho etter juryens mening om fornying. Ein kjenner att skrivena måten, stilten, det sugerande og repeterande, det tilhogde språket. Men teksten er lengre enn vanleg for forfattaren. Det gjer noko med forteljinga. Her lar han over fem hundre sider gå utan at det vert sett punktum. Det gjer ikkje boka mindre leseleg. Forfattaren hjel-

Fekk pris for *Pølsetjuven*

Marianne Gretteberg Engedal (biletet) er tildelt Nynorsk barne-litteraturpris 2019 for debutboka *Pølsetjuven*.

– Sjølv histori er også slite-sterk og eit viktig tema alle for-eldre bør snakka med barna sine om: Det å finna ut kven ein er og ikkje vera redd for å leva som ein vil, skriv juryen.

Juryen har vore Kristine Thor-kildsen, bibliotekmedarbeidar hjå Stord folkebibliotek, Per Roger Sandvik, språkkonsulent, Nesod-den og Rita Mundal, bibliotekleiar hjå Lom folkebibliotek. Juryen legg vekt på at boka har gjennom-ført kunstnarisk kvalitet.

Marianne Gretteberg Engedal (f. 1986) er illustratør og kokk frå Haugastøl. Utdanna ved Kunsthøgskulen i Bergen. *Pølsetjuven* er den første boka hennar, og ho har kome ut på Samlaget.

– Prisen har blitt delt ut av Noregs Mållag sidan 1968. Nynorsk barne-litteraturpris er eit diplom og 30 000 kroner, fortel Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.



Foto: Tove Bakke



litteraturpris 2019 av mållagsleiar Peder Lofnes Hauge – på god avstand.

Foto: Katrine Gade

urpris 2019 til Jon Fosse

per til med både lineskift, avsnitt og store bokstavar. Men fråvaret av punktum gjev teksten ein eigen rytmje, ein eigen intensitet, ei eiga tidskjensle.

Fosse lar oss møte folk i denne boka som heiter det same som folk i mellomalderen, på Dylgja og i Bjørgvin. I det same landskapet står dei overfor dei same store spørsmåla, kven dei er, kva meinings er, kjærleiken, Gud. Kunsten. Ja for dette handlar om kunsten og Gud og sanninga og kjærleiken, og på mystisk vis er dei eitt. Det handlar om å sjå det lysande mørkret.»

Juryen har vore: Carl Morten Amundsen, Marta Norheim og Heming Helland Gujord.

*Nynorsken har vore
som ein heim for meg
i eit omskifteleg liv.*

Jon Fosse

Vellykka landsmøte

Noregs Mållag valde nytt styre på e-post-landsmøte siste helga i april. Innstillinga frå valnemnda vart vedteken.

Landsmøtet opna fredag 24. og vart avslutta sundag 26. april. 146 av 163 valde å bruka røysteretten sin i dei to døgna det var råd å røysta.

E-postlandsmøtet handsama to saker. Bankgaranti for lotteriet i 2020 vart vedteken med 143 røyster. Tre røysta mot vedtaket, og 17 røysta blankt / svara ikkje.

Leiaren og det nye styret er valde med 146 røyster. 17 røysta blankt også her, det vil seia at dei ikkje svara på e-post.

Det nye styret i Noregs Mållag er Peder Lofnes Hauge (leiari), Synnøve Marie Sætre (nestleiar), Ellinor Bergli Bustad, Anders Riise, Inger Johanne Sæterbakk og Kjetil Aasen. Varaer er Bjørn Seljebotn (1. vara), Birgitta Lim Ersland (2. vara), Reidun Ramse Sørensen (3. vara) og Øystein Skjæveland (4. vara).

Fosse og målet hans

– Eg har vore i opposisjon mot mykje som høyrd oppveksten min til, men aldri mot nynorsken, seier Jon Fosse. Han definerer seg som målmann, men har ikkje noko imot å bli omsett til bokmål.





JON FOSSE. BERRE namnet har litt mystisk og utilnærmeleg aura. Det er han som bur i Grotten, statens æresbustad i Slottsparken, ikkje sant? Og så skriv han på nynorsk, og blir mykje spela på teater? Men der stoppar assosiasjonane for ein del av oss. Jon Fosse er ikkje nokon Jo Nesbø som «alle» nordmenn har fleire bøker av i bokhylla.

Men at sekstiåringen frå Strandebarm i Hardanger er eit verdsnamn av stort format, er tvillaust. Når det gjeld eksportverdi, kan Jon Fosse nesten måla seg med både Nesbø og norsk laks. Han er ein svært produktiv forfattar av både skodespel, diktsamlingar, romanar og omsette verk. Mang ein omsetjar verda over har lært seg norsk for å omsetja Ibsen og nynorsk for å omsetja Jon Fosse. Fosse har blitt omsett til over 50 språk, teaterstykka hans blir spela på scener over heile verda, og han har vunne bråtevis med priser. Som den andre norske forfattaren nokon gong vart han tidlegare i år nominert til den amerikanske Bookerprisen, ein av dei mest prestisjefylte litteraturprisane i verda. Og ikkje minst er Jon Fosse den einaste nordmannen som kvart år opptrer på topp 20 på bookmakarlistene før kunngjeringa av nobelprisvinnaren i litteratur.


Målmannen Fosse

Med andre ord er det vanskeleg å finna betre prov på nynorskens relevans som både bruks- og kulturspråk enn forfattarskapen til Jon Fosse. Og til glede for målrørsla nøler ikkje Fosse med å kalla seg målmann.

– Då eg var ung, tykte eg ‘målmann’ høyrest litt gammaldags og traust ut, sjølv om eg var engasjert i saka og medlem i målungdomen. Men no som eg har blitt eldre og gammal sjølv, kan eg godt kalla meg for målmann.

Fosse fortel at han gjennom livet har vore opposisjonell og kritisk til mange sider ved det bygdesamfunnet han voks opp i – i Hardanger på seksti- og syttitalet – men aldri til nynorsken.

– Eg tykte både kristenkulturen og ungdomslagskulturen, med dans og slagsmål, var ganske vulgær. I tillegg opplevde eg mykje av tenkinga eg møtte i samfunnet, som ganske småskoren og trong. Eg hugsar at den fyrste boka eg kjøpte, då eg gjekk på ungdomsskulen, var Marx’ i eitt bind. Men sjølv om nynorsken òg var ein del av dei tradisjonelle verdiane, var det aldri i mine tankar at eg ikkje skulle skriva eller støtta nynorsk. Det har vore heilt sjølvsagt.



SLOTTSPARKEN: Jon Fosse har budd i Grotten, statens ærebustad for kunstnarar i Slottsparken, sidan 2011.

Fosse tok tidleg til å skriva, og skrivinga fekk alt då ei stor rolle i livet hans. Det er årsaka til det sterke bandet til skriftspråket, meiner han.

– Eg byrja å skriva dikt og forteljingar frå tolvårsalderen. Det eg skreiv den gongen, var frykteleg dårleg, på alle vis, men det å skriva gav meg eit slags vern eller ein plass der eg kunne vera i fred. Olav H. Hauge snakkar om «lauvhytter» i eit av dikta sine, og slik var det i grunnen for meg òg. Du lagar din eigen plass, og den er jo inni ordlyden og dermed – for meg – langt inni det nynorske. Så nynorsken har alltid vore ein slags tilhaldsstad for meg.

– Nynorskprisane er meir personlege

Fosse opplever å vera litt av ein yndling for målfolket i kampen for posisjonen til nynorsk i samfunnet. Og han tykkjer det er heilt greitt at forfattarskapen og suksesen hans blir brukta i kampen for målsaka.

– Klart det. Om eg vinn ein teaterpris eller får ei ny oppsetjing i eit eller anna land, er jo det kjekt, men det er ikkje viktig. Nynorsken er jo veldig viktig for meg, fundamental i ein viss forstand. Eg har fått både Målprisen og fleire gonger

Det var aldri i mine tankar at eg ikkje skulle skriva eller støtta nynorsk. Det har vore heilt sjølvsagt.



GREITT MED BOKMÅL: – Eg er omsett til all verdas språk, så kvifor ikkje til bokmål? seier Jon Fosse.

Alle foto: Katrine Gade



*Ein skal vakta seg for
å sleppa inn dialektale
variantar i skriftspråket
som gjer at det liknar meir
og meir på bokmål. Ein må
insistera på nynorsken
som nynorsk.*

Nynorsk litteraturpris, og – tru meg – det tyder noko ekstra for meg. Sjølv sagt er det meir spektakulært å få Nestroy-prisen i Austerrike på direktesendt fjernsyn, men nynorsk-prisane er meir personlege.

Fosse fortel at den nasjonale argumentasjonen for nynorsk ikkje har stått spesielt sentralt for han, og at det – særleg med åra – er den kulturelle som har kome i forgrunnen.

– Eg hadde ei venstreradikal mognin i oppveksten, så på den tida var den sosiale argumentasjonen den viktigaste. Men etterkvart har nok ein kulturell argumentasjon teke over. Det ville jo vore fullstendig galskap å ta nynorsken vekk frå Noreg og norsk litteratur. Nynorsken er der, han er mange sitt språk, mellom anna ditt og mitt. Det skal ein ikkje trenga å argumentera for, det blir jo som å måtta argumentera for sin eigen eksistens.

**– Meir nynorskforfattar
enn norsk forfattar**

For forfattarar som skriv på nynorsk, kan språkspørsmålet lett ta mykje merksemrd. For mykje, vil somme kunstnarar tykkja. Men stempelet «nynorskforfattar» plagar ikkje Fosse, snarare tvert imot.

– Heile karrieren har eg hatt meir med utlandet å gjera enn med Noreg, særleg etter at eg byrja å skriva for teateret. Eg slo faktisk igjennom i Sverige før i Noreg. Og dermed har det aldri vore noko ekstra press på meg for at eg skriv på nynorsk. Tvert imot insisterer

eg på det sjølv, og eg kjenner meg i grunnen meir som nynorskforfattar enn som norsk forfattar.

Fosse seier han ikkje er uroleg for framtida til nynorsken, men meiner det er viktig å praktisera eit tydeleg skilje mellom talespråk og skriftspråk. Mange leesarar har nok lagt merke til at han har endra sine eigne normval i meir tradisjonell lei med åra, mellom anna gjennom å gå frå e- til a-infinitiv.

– Tidleg i karrieren gav eg ut ei diktsamling som heitte «Hundens bevegelser». Ein slik tittel kunne eg aldri ha brukt i dag. Ein skal vakta seg for å sleppa inn dialektale variantar i skriftspråket som gjer at det liknar meir og meir på bokmål. Ein må insistera på nynorsken som nynorsk.

Sjølv om Fosse reknar seg sjølv som målmann, tykkjer han det er heilt greitt å bli omsett til bokmål.

– Eg er omsett til all verdas språk, så kvifor ikkje til bokmål? Det er dessutan ei understrekning av at nynorsk er eit språk, til liks med bokmål. Stykket «Nokon kjem til å komme» vart omsett til bokmål og sett opp på Nationaltheatret under tittelen «Noen kommer til å komme» for nokre år sidan. Det fungerte veldig fint. Men det er jo klart at omsetjingar alltid vil bli noko anna, same kva språk det blir omsett til. Dei som vil lesa meg, slik eg verkeleg skriv, må lesa meg på nynorsk.

ASTRID MARIE GROV
Astrid.Grov@nm.no



SOM LESAR AV NORSK TIDEND FÅR DU

-50%

RABATT PÅ ALLE BØKER FRÅ 2019 PÅ SAMLAGET.NO.

SJÅ UTVALET PÅ: [BIT.LY/NORSKTIDEND](http://bit.ly/norsktidend)

**BRUK KODEN
NT50 I HANDLEKORGA**

TILBODET GJELD T.O.M. 30. SEPTEMBER 2020



Samlaget



GUNNHILD SKJOLD

Leiar i Norsk Målungdom

Språkrettar i ein global pandemi

I MIDTEN AV mars vakna vi til ein ny kvar-dag. Vi flytta inn på heimekontor, vaska hendene og byrja på ein heildigital skole, og la igjen konserter, kafebesøk og bussturar. Dessverre var det noko som burde ha blitt lagt igjen, men ikkje blei det: høvet til å bryte språkrettar utan konsekvensar.

FOR EI STUND sidan kunne vi lese om Universitetet i Oslo, som brukar pandemien som eit påskot for ikkje å levere eksamsoppgåver på nynorsk. For mange verkar nok retten til å få eksamen på eit eige skriftspråk som ein lite viktig rett. Har det eigentleg noko å seie om eksamsoppgåva ber deg om å «løyse ei likning» eller «løse en ligning»? Det enkle svaret er ja. Når Universitetet i Oslo vel bort nynorsken så fort dei kan, sender dei også eit signal til dei nynorskbrukande studentane sine om at språket deira og rettane deira ikkje er viktige.


DETTE PROBLEMET VISER seg kvar eksamsperiode, men no har universitata fått eit nytt sett med därlege grunnar til ikkje å levere nynorske eksamsoppgåver. På Universitetet i Oslo er det altså korona dei skylder på, på NTNU er det därlege tekniske løysingar. Så langt denne eksamsperioden har vi hjelpt studentar å klage på eksamenar ved UiO, NTNU, NMBU og UiB. Dette er berre å pirke i overflata, og det er nok langt fleire studentar over heile landet som ikkje får oppfylt rettane sine.

DET GJER HELLER ikkje elevane. Målrørsla har lenge varsle om ei krise for den digitale undervisinga for nynorskelever. Det er stor mangel på digitale læremiddel på nynorsk, noko som fører til at desse elevane heller møter bokmål og engelsk i undervisinga. Dette var eit problem før koronaen, og det er ikkje vanskeleg å tenke seg til at problemet blei verre da heile skolen blei digital over natta.

EIN DAG ER pandemien over, og vi skal tilbake til ein ny kvardag. Da håpar vi at den manglande respekten for nynorskbrukarane blir igjen i koronakvarden. Det finst mange døme på at staten, skolar og kommunar ikkje tar nynorsken og rettane til nynorskbrukarane på alvor. Dei stiller rett og slett sine eigne meininger og tankar om kva som er viktig, over kva lova seier. Slik kan vi ikkje ha det.

I TIDA FRAMOVER skal vi få ei språklov, og opplæringslova og universitets- og høgskolelova skal reviderast. Alle desse lovene er viktige for nynorskbrukarane, og slår fast språkrettane våre. Dessverre veit vi at staten ikkje følger dei lovene dei har laga for seg sjølv no. Om dette ikkje betrar seg med dei nye lovene, må lovbrot få større konsekvensar. Det blir mindre freistande å droppe eksamsoppgåver på nynorsk om universitet får ei saftig bot for det. Brot på språkrettar må få konsekvensar!

gunnhild@malungdom.no



DIGITAL SUKSESS: Det var ingenting å seie på oppmøtet på det digitale landsmøtet til Norsk Målungdom.

Fotomontasje: Frida Pernille Mikkelsen

Korleis målungdomslivet blei snudd opp ned på ei veke

Er det ein ting me har lært i Norsk Målungdom den siste tida, så er det at uansett kor godt førebudd du er til landsmøtet, så kan det alltid koma ein global pandemi og øydelegga for planane dine.

ME SKULLE HA landsmøte siste helga i mars og i starten av 2020 ante me fred og ingen fare. Me reiste land og strand, besøkte lokallag og jobba for å få flest mogleg til å koma på landsmøtet. I starten av mars blei det meir snakk om dette koronaviruset, men me heldt likevel fram med reisinga og handhelsinga. Så kom veka der alt endra seg, og den veka på jobb kjem me aldri til å gløyma.

Vask hendene!

Måndag 9. mars konkluderte me med at sidan me hadde unge og friske medlemmar, var det ingen grunn til å avlysa landsmøtet. For å vera på den sikre sida

kutta me ut polonese, noko det ikkje så danseglaide sentralstyret eigentleg ikkje var så leie seg for.

Dagen etter starta den store jakta på handdesinfeksjon! Me sende heile sentralstyret på jakt, og blei sjeleglad då nokon faktisk fekk tak i dette! Me annonserte til medlemmane våre at landsmøtet går som planlagt, berre dei vaska hendene sine.

«Null stress»

Onsdagen kom, og leiar og skrivaren byrja for alvor å bli stressa for korleis dette skulle gå. Stressnivået hindra oss likevel ikkje frå å senda romkamera-tane våre av garde på målungdomsoppdrag på andre sida av landet. Kommuneoverlegen i Ås roa oss og sa det var null stress, me kunne ha landsmøtet som planlagt. Så leiaren reiste på møte og skrivaren sat igjen på kontoret og stressa vidare. Som prikken over i-en fekk me ein tulletelefon frå Mads Hansen i VGTV nett denne dagen, som lurte på kvifor me fortsatt skulle ha nynorsk når Dan Børge Akerø hadde sluttat som programleiar.

Neste dag starta me med heimekontor. Det var nett i tide, for same dag blei Noreg stengd ned. Skrivaren hadde planar om å dra på eit møte denne dagen, men det var ein av veldig mange ting som blei avlyst 12. mars. Me avlyste også det fysiske landsmøtet, berre to dagar etter at me så sjølvskjert annonserte at det blei landsmøte. Så då sat me der, aleine på kvart vårt heimekontor, og skulle skipa til eit digitalt landsmøte på to veker.

Stor landsmøtesal

Dei neste to vekene suste forbi. Kveldslivet blei lagt på hylla, og alt som betydde noko, var å få til eit digitalt landsmøte i tide. Då landsmøtedatoen kom, hadde me den største landsmøtesalen me nokon gong har hatt, frå Tromsø i nord til Agder i sør. Landsmøtet blei kort, men gjekk over all forventing. Leiaren blei attvald med digital akklamasjon, og no gler me oss til å møtast igjen til hausten for å gjennomføra resten av landsmøtet!

INGUNN VESTERAD STEINSVÅG

Ein del **nynorskskular** i Noreg er fulle av bokmålselevar. Det har sin pris – mellom anna for nynorskelevane.

Når bokmålet rår i klasserommet

I HJARTA AV Sør-Noreg, på grensa mellom Aust- og Vestlandet, ligg Hemsedal. I hallingdalskommunen med kring 2500 innbyggjarar har nynorsk tradisjonelt hatt ein nokså solid posisjon, både som opplæringsspråk og administrasjonsspråk. Men tilflyttinga til turistkommunen er stor – og no er den jamne hemseølen i stor grad ein bokmålsbrukar.

– I stor grad eit sjølvstudium

Alle skulane i Hemsedal kommune har nynorsk som vedteke opplæringsmål, men det er mest på papiret. Det byrjar å bli nokre tiår sidan dei fyrste elevane byrja med bokmål. Sidan den gongen har det berre blitt fleire og fleire. Sjølv om opplæringslova krev skilde klassar for nynorsk- og bokmålselevar på barnesteget, har Hemse-dal kommune valt å ha bokmåls- og nynorskelevane blanda i dei same klassane – undervist av den same læraren. Nynorskelevane er no i mindretal i alle klassane i kommunen.

Måten Hemsedal kommune handterer språkklovinga blant elevane på, møter no sterkt kritikk frå ei gruppe foreldre til nynorskelevar. Mangelen på ei skikkeleg skriveopplæring gjer situasjonen for nynorskelevane svært krevjande, meiner foreldra. Hanne Eid er innflyttar til kommunen og mor til ei

dotter på barnetrinnet. Ho seier kvaliteten på skriveopplæringa i kommunen er langt under det ein kan vente.

– I det store og heile er ikkje nynorskundervisning eit skikkeleg tilbod her. Det er heilt tilfeldig om ungane får det. Takka vere ein ivrig lærar fekk nynorskelevane i klassen til dottera mi eiga norskundervisning eit år på barneskulen. Berre det var til stor hjelp. Men elles har ikkje kommunen vore villig til å dele klassane, sjølv i enkeltfag. Sidan kommunen brukar økonomiske argument mot deling, har vi føreslått at dei kunne slå saman nynorskelevar frå fleire trinn i norskundervisninga. Men det har vi ikkje fått gehør for.

Foreldra som fortel om situasjonen til Norsk Tidend, har ungar spreidde utover dei fleste klasse-trinna i grunnskulen, og dei overordna erfaringane er tydelege og einsarta:

- ◆ Kommunen har ikkje nokon plan og legg ikkje føringar for å sikre nynorskelevane undervisning på nynorsk. Det inneber at lærebøker kan vere den einaste nynorsken elevane les – heilt ned i fyrste klasse. Skriveopplæringa kan dermed i stor grad bli eit sjølvstudium.
- ◆ Ein del av lærarane kan ikkje nynorsk og er ikkje i stand til å rette tekstar for elevar med nynorsk som hovudmål.
- ◆ Når det blir bruka nynorsk i undervisninga, er det grunna enkeltlærarar som har ansvarskjensle for nynorskelevane og/ eller kan nynorsk sjølv.
- ◆ Den vanskelege situasjonen for nynorskelevane har blitt teken opp med kommunen fleire gonger, men utan resultat.
- ◆ Mange elevar fell ifrå og byter til bokmål undervegs i skuleløpet. Situasjonen er så vanskeleg for elevane at det må vere heilt spesielle grunnar dersom ein skal greie å halde på nynorsken ut 10. klasse i Hemsedal.

– Skriveopplæringa for nynorskelevane kan i stor grad bli eit sjølvstudium – heilt frå fyrste klasse.

Åtte foreldre til nynorskelevar i Hemsedal



BARNESKULE: Ulsåk skule er ein av to barneskular for 1.–4. trinn i Hemsedal. Som ved dei andre skulane i kommunen går bokmåls- og nynorskelevar i same klassen – heilt ned i fyrste klasse.

Foto: Signe Fuglesteg Luksengard

– Det har kome nynorskelevar til meg og sagt at eg er den einaste læraren deira som skriv nynorsk på tavla.

Tori Snerte,
musikklærar i Hemsedal kommune

– Blanding mellom bokmål og halling

Sønnev Skrede er mor til ein barne-skulelev og leiar i Hemsedal Mållag. Ho er samd med Hanne Eid i at skriveopplæringa nærmast er ikkje eksisterande.

– På tavla føregår undervisninga som regel på bokmål, og lærarane skriv tilbakemeldingar til elevane anten på bokmål eller ei hjelpe-laus blanding mellom nynorsk og bokmål. Elevane får med andre ord ikkje noko særleg opplæring i å skrive nynorsk, og eg har inntrykk av at mange nynorskelevar skriv ei slags blanding mellom bokmål og halling utan å bli korrigerte. Sjølv har vi i grunnen vore heldige, for dottera mi har hatt kontaktlærarar som både har vore kunnige og interesserte i nynorsk. Men det er rett og slett rein flaks.

Skrede fortel at mållaget har gjort ein innsats for å få kommunen til å ta imot gratis nynorsk-hjelpe, men at responsen har vore laber.

– Kommunen er nok for så vidt ikkje heilt uinteressert, men saka blir ikkje prioritert.

Tori Snerte er mor til ein ungdomsskulelev, musikklærar og aktiv i Hemsedal Mållag. Ho legg ikkje skjul på at situasjonen er alvorleg.

– Det har kome nynorskelevar til meg og sagt at eg er den einaste læraren deira som skriv nynorsk på tavla. Somme elevar er motiverte og vil gjerne halde på nynorsk som hovudmål oppover i klassane, men opplever at det blir for vanskeleg når dei knapt får undervisning i det. Det er vondt å høyre.

Ho meiner kommunen kunne gjort enkle grep for å betre situasjonen.

– Berre ein enkel ting som å tematisere nynorskkompetanse i stillingslysingar og på jobbintervju kunne hjelpt. Vi treng leiarar i oppvekstsektoren som har dette med nynorsk langt fram i pannebrasken – i det daglege. Det monnar lite kva enkeltlærarar gjer.

– Ser ikkje kva vi kunne gjort annleis

Gunn Berit Nergård er oppvekstsjef i Hemsedal. Ho seier det har vore vanskeleg for kommunen å dele nynorsk- og bokmålselevane i ulike

klassar, slik opplæringslova krev.

– Foreldre til elevar som ynskjer bokmål, har vore fleire enn ti over svært mange år.

Hadde dei kravd eigen klasse, hadde vi først og fremst fått eit problem med areal og utfordringar med skuleskyssen. Løysinga som er gjort, er ikkje god. Det er vi alle samde om. Men vi ser ikkje korleis vi kunne gjort det annleis.

På spørsmål om Hemsedal kommune har soikt skjønnsmidlar frå fylkesmannen for å dekkje utgifter knytte til klassedeling, opplyser Nergård at det ikkje har blitt gjort dei siste åra. Oppvekstsjefen seier ho er klar over at situasjonen for nynorsk-elevane ved skulane i kommunen kan vere utfordrande og seier ho har teke opp situasjonen med skulane fleire gonger.

– Skuleleiarane har mint lærarane på ansvaret og sytt for at nynorsk vert brukt, men det er mogeleg påminninga bør takast opp att.

Nergård er klar på at hovudmålet ved skulane i Hemsedal – altså nynorsk – som hovudregel skal brukast i til dømes tavleundervisning.

– Er det elevar med bokmål og nynorsk i klassen, føregår tavleundervisninga på nynorsk. Alle skal kunne skrive nynorsk på tavla, òg om dei underviser i andre fag enn norsk. Dette må rektorane og lærarane fylgje opp.

Nergård stiller seg tvilande til påstanden frå foreldra om at ein del lærarar i skulane i Hemsedal ikkje kan nynorsk.

– Nynorsk er ein del av grunnskuleopplæringa. Det kan vere at nokre lærarar føretrekkjer bokmål, men dei skal kunne undervise på begge målformer. Om det er lærarar som kjenner at dei ikkje meistrar nynorsk godt nok, vil kommunen gje tilbod om kurs i nynorsk. Vi skulle hatt kurs i mars, men det vart avlyst på grunn av korona.

På spørsmål om kommunen gjer tiltak for å sikre at barnehagane brukar nynorsk, for slik å gjere valet av nynorsk som opplæringsmål meir nærliggjande, svarar Nergård at ho meiner dialektarbeid er nøkkel til nynorsk blant dei minste.

– Barnehagane har hatt fokus på dialekta. Dette er den beste måten vi ser å nærme seg nynorsken. Pro-



KRITISKE TIL KOMMUNEN: Foreldra Norsk Tidend har intervjuat, er samstemde i kritikken av nynorskundervisninga i kommunen. F.v. Hanne Eid, Sønnev Skrede, Hege Janett Myro, Hege Falck-Andersen, Randi Birgitte Lien, Tori Snerte (skjult) og Norunn Rivedal. Ingrid Undheim Løken er ikkje med på biletet.

Foto: Signe Fuglesteg Luksengard

blemet vi ser i bygda, er at dialektal blir borte. Vi jobbar med dialektfremjande tiltak, og det håpar vi skal motivere til val av nynorsk.

– Kommunen burde redusert språkdelinga

Hemsedal kommune er slett ikkje den einaste nynorskommunen der ein del foreldre ønskjer opplæring på bokmål. Klepp kommune på Jæren har eit fleirtal nynorskular, men likevel om lag halvt om halvt med nynorsk- og bokmålelever.

Else Berit Hattaland er mor til fleire barn i skulane i kommunen og er aktiv i Jæren Mållag. Hattaland meiner språkklovinga stort sett går greitt i barneskulen, der elevane går i eigne nynorsk- og bokmålklassar i tråd med reglane i opplæringslova. Ho etterlyser likevel ei meir aktiv rolle frå kommunen for å få elevane til å velje nynorsk.

– Sjølv om situasjonen har vore ganske stabil her i nokre tiår, fryktar eg jo at nynorskelevarane blir færre og færre. Den einaste bokmålskrinsen i kommunen kom for tre år sidan, då nynorskelevarane hadde blitt så fåe at

det vart dyrt og upraktisk med eigne nynorskklassar. Men det verkar ikkje som om det er vilje frå kommunen til å tydeleggjere at språket i skulen i Klepp er nynorsk. Gjennom barnehagane, bibliotek og andre tenester barnefamiliane naturleg kjem i kontakt med, burde kommunen vist at målsetjinga er at flest mogleg vel nynorsk og såleis redusert språkdelinga. I dag er det til dømes heilt opp til den einskilde barnehagestyaren om det blir lese noko nynorsk i barnehagen.

Hattaland meiner dei store utfordringane for nynorskelevarane tek til på ungdomsskulen, når opplæringslova ikkje lenger krev skilde bokmåls- og nynorskklassar.

– Kommunen blandar klassane i ungdomsskulen, og så vidt eg kjenner til, blir det då ikkje stilt krav om kva språk lærarane skal bruke i kommunikasjonen med elevane. Det kan fort gå utover nynorskelevarane, som treng å sjå språket sitt i bruk mest mogeleg.

Hattaland får støtte i uroa av forelder Hege Hopen, som har ein son på ein av ungdomsskulane i Klepp.



– Det verkar ikkje som om Klepp kommune er villig til å tydeleggjere at språket i skulane er nynorsk.

*Else Berit Hattaland,
forelder i Klepp kommune*



VIL HA SPRÅKDELING: Else Berit Hattaland i Jæren Mållag er uroleg for at nynorskelevane i ungdomsskulen får for lite undervisning på nynorsk.

Foto: privat



OPP TIL DEN EINSKILDE LÆRAREN: – Det er heilt tilfeldig om nynorskelevane i Hemsedal får undervisning i nynorsk, seier Hanne Eid.

Foto: Signe Fuglesteg Luksgård

– Mange av lærarane ser ut til å nytte seg av den målforma dei sjølv er mest trygge på i samhandling med elevane, utan å ta omsyn til kva målform eleven brukar. Det meiner eg dei i større grad burde gjere.

Anne-Jorunn Bjørkum Leigvold er kommunalsjef for barn og unge i Klepp kommune. Ho kjenner seg ikkje att i at kommunen ikkje har vilje til å tydeleggjere språket i skulen og barnehagane.

– I barnehagane blir det lagt til rette for bruk av begge målformene. Det er tilgjengeleg barnebøker både på nynorsk og bokmål. Utvalet av bøker er enno størst i barnebøker på bokmål. Styraren i den enkelte barnehagen skal følgje rammeplan for innhaldet i barnehagen, og språk er ei av oppgåvene i mandatet. Sjølv om ikkje alle bøker er på nynorsk, er det fleire som nyttar dialekta si ved lesing av bøker.

Leigvold seier kommunen følgjer opplæringslova i praktiseringa av opplæringsmål i ungdomsskulen.

– Retningslinjene seier at elevane elevane frå 8. trinn kan bestemme sjølv om dei vil bruke nynorsk eller bokmål, men skulen skal bruke vedtatt hovudmål i arbeidet. Generelt blir det gjeve undervisning både på bokmål og nynorsk på alle ungdomsskulane i kommunen.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Det tok nokre år før nyvald mållagsleiar **Peder Lofnes Hauge** (31) skjøna at det er naudsynt å kjempe for nynorsken, men no er nordfjordingen klar til kamp. – Slaget om framtida står i skulen, meiner han.

Nyvald leiar Peder Lofnes Hauge:

– Mållaget kan ikkje stå med hua i handa

DET ER DRYGT fire år sidan Magne Aasbrenn steig fram på scena på landsmøtet i Bergen som den første mållagsleiaren frå Østfold. På det same landsmøtet vart den då 27 år gamle Peder Lofnes Hauge vald til styremedlem. Ung, men allereie røynd som aktiv politikar for Venstre. No har den unge Peder fått fire til på baken – både i år og erfaring med målarbeid – og det har lege i korta ei stund at han skulle bli innstilt til å ta over mållagsroret.

– Gjer ikkje nok for å stogge språkskiftet

– Korleis kjem landet til å merke at Noregs Mållag har fått ny leiar?

– Eg har vore så heldig at eg har sete fire år i styret i lag med Magne Aasbrenn, og eg håpar eg kan vidareføre det vi har starta på i lag. Vonleg vil eg vere ein leiar som er synleg i media med dei sakene som er viktige for Mållaget. Og så har eg sjølv sagt planar om å bli kjent med medlemmer og andre rundt ikking i landet. Eg trur det er få mållagsleiara som slår forgjengar Magne i talet på reiste kilometer, så der har eg verkeleg noko å leve opp til.

Peder Lofnes Hauge og Magne Aasbrenn skal jobbe etter det same arbeidsprogrammet, men det er mange skilnader mellom dei. Og dei handlar om meir enn alder. Der østfoldingen Aasbrenn var noko så kuriøst som ein mållagsleiar frå bokmålsområdet Østfold, er Peder Lofnes Hauge oppvaksen i Gloppe i Nordfjord, som må reknast for å vere tjukkaste nynorskland. Han er likevel klar på at det er viktig å kjempe for posisjonen til nynorsk som eit landsmål.

– Nynorsk kan aldri bli eit regionalt språk for Vestlandet. Det var heller aldri meiningsa. Og sjølv om Vestlandet er episenteret for nynorsken, så er det heilt avgjeraande for meg og for heile Mållaget å vise og jobbe for at nynorsk er eit fungerande bruksspråk for alle nordmenn, uansett kvar dei bur.

Oppdaga språkkampen sein

Det tok litt tid før det vart målmann av unge Peder. For midt i det nynorske kjerneområdet, i åra før og etter årtusenskiftet, verka ikkje språkkampen som den viktigaste kampen å ta.

– Eg hadde ein trygg nynorskoppvekst i Glop-

pen, mellom anna med tre år på det gamle landsgymnaset Firda på Sandane, og det var ikkje noko spørsmål kva mål ein skulle skrive. Så eg kjende i grunnen ikkje på at språket mitt var under press.

Men mykje har skjedd på dei åra som har gått. For det fyrste har Lofnes Hauge flytta frå Nordfjord til Bergen og oppdaga at ikkje alle vil nynorsk vel. For det andre har det språklege presset mot nynorskelevane også nådd fram til klasserommet han sjølv sat i.

– Nynorsk er på alle måtar ein svært sentral del av den eg er. Når nokon går til åtak eller vil svekkje plassen til språket mitt, anten det er i skulen eller samfunnet elles, så tek eg det veldig personleg og blir svært motivert for å ta kampen.

Den nyvalde mållagsleiaren er klar på at skulen er den aller viktigaste kamparenaen for Mållaget.

– Det er der slaget står. I dag risikerer nynorsk-elevane å få ei dårlegare skriveopplæring enn bokmålselevane. Det er det to hovudgrunnar til.

Den eine er at vi ikkje har politiske ordningar som sikrar nynorskelevane digitale lærermiddel på nynorsk. Den andre er at vi ikkje greier å utdanne lærarar som er sterke nok i nynorsk.

Kommunane må vere med

Lofnes Hauge er spesielt uroleg for situasjonen for elevane i randsone, der mange byter frå nynorsk til bokmål i løpet av skuletida.

– Nynorskken kjem under press frå majoritets-språket bokmål både i og utanfor klasserommet. Reint politiske vedtak slår inn, som at det reint taktisk kan vere ein fordel å byte til bokmål, fordi det blir stilt lågare krav i sidemål enn i hovudmål. I tillegg har du større demografiske prosessar som at byane veks innover det som før var bygd, og då vil til dømes ein del tilflyttarar at ungane deira skal lære bokmål. Både lokale og nasjonale styresmakter må rett og slett gjere meir for å stogge språkskiftet.

Peder Lofnes Hauge er klar på at kommunane som skuleigar spelar ei svært viktig rolle for framtida til nynorsk.

– Eg ventar at lokale styresmakter og ordførarar tek språkopplæringa til elevane sine på alvor. Det inneber òg å lyfte kampen for betre vilkår mot regjeringa og Stortinget om dei ser at det er naudsynt. Så kan Noregs Mållag hjelpe til, men vi er nøydde til å dra det lasset i lag, og det har kommunane som skuleigarar eit stort ansvar for.

Dei nærmeste åra blir viktige for nynorskken, meiner mållagsleiaren. Han peikar mellom anna på at opplæringslova skal reviderast, og det bør vere eit klart mål for målfolket at den nye lova skal gjere det lettare å vere nynorskelev.

– Vi må ha ei opplæringslov som tek innover seg at språkpolitikken stort sett skjer i klasserommet. I tillegg må vi styrke sidemålopsplæringa og ha lærarutdannarar som utdannar språkmektige lærarar. Det er små og store kamper både lokalt og nasjonalt, og vi er heilt avhengige av at både mållaget sentralt og lokallaga er styrkte og kan ta den kampen.

Hadde venta meir av språklova


Nyleg presenterte kulturminister og partifelle Abid Raja framlegg til ei ny språklov for Stortinget, og lova blir truleg vedteken seinare i år.

Nynorsk kan
aldri bli eit regionalt
språk for Vestlandet.
Det var heller aldri
meininga.



UNG, MEN RØYND: Peder Lofnes
Hauge er berre 31 år, men har ein imponerande CV frå det politiske livet. No vil han bruke erfaringa si på målarbeid.

Foto: Jannica Luoto



MELLOM DEI SJU FJELLA: Peder Lofnes Hauge skal leie Noregs Mållag frå Bergen, der han bur i lag med sambuaren Line og dottera Ingeborg.

Foto: Jannica Luoto

Lofnes Hauge er klar på at han hadde venta meir av framleggjet.

– Regeringa hadde eit historisk høve, men det blei ikkje det løftet for nynorskbrukarane som vi hadde grunn til å håpe på. På somme område føreslår regjeringa faktisk ei dårlegare lov enn den noverande mállova. Skal språklova leve opp til sitt eige føremål om å styrke nynorsken, må vi ha offensive tiltak som favoriserer nynorsken andsyntes bokmålet. Vi kan ikkje seie oss nøgde med at rettane våre ikkje blir svekte, dei må styrkjast. Når Stortinget skal handsame språklova, må dei difor sikre at alle statstilsette må kunne skrive nynorsk, at fylkeskommunane får strengare språkkrav og at lova får sanksjonar.

Lofnes Hauge meiner målrørla med fordel kan føre ein meir offensiv kamp for posisjonen til nynorsk. Og for å kome dit appellerer han til heile laget.

– Mållaget er i vekst, vi kan auke ambisjonsnivået. Utfordringa er at for kvar gong vi vinn ein ny siger, kjennest det som om vi rykkjer to plassar bakover fordi nokon kjem med eit åtak på sidemålsundervisninga eller mállova eller ikkje tek nynorskelevane sine rettar på alvor. Mållaget bør kome i ein posisjon der vi ikkje kjenner oss pressa inntil veggen heile tida. Og skal vi greie det, treng vi heile laget med all sin styrke. Vi kan ikkje stå med hua i handa og seie takk for kvar smitt og smule.

Den nyvalde mållagsleiaren har vore aktiv i politisk arbeid for Venstre i ei årrekke, mellom anna som politisk rådgjevar for sosialbyråden i Bergen. Han ser særleg fram til samarbeidet med lokallaga i arbeidet for politisk påverknad.

– Eg gler meg til å reise rundt i landet og bli kjent med lokallaga våre og få vite meir om kvar skoen trykkjer lokalt. Og så håpar eg jo at eg

kan kveikje endå større engasjement for politisk påverknadsarbeid også lokalt ved hjelp av dei erfaringane eg har frå ganske mange år i parti-politikken.

– **Vi har godt av å sjå oss attende**

Peder Lofnes Hauge er den 44. leiaren i Noregs Mållag gjennom tidene. På spørsmål om kven som er favorittforgjengaren, er han ikkje i tvil.

– Som venstrepolitikar er det lett å drøyme seg

attende til gamle dagar og den tida då oppslutnaden om både nynorsk og Venstre var ein annan. Så det er klart at det er noko spesielt med Jørgen Løvland, som først var statsminister og så leiar i Noregs Mållag. Det må vere ein naturleg karriereveg, tenkjer eg.

Nordfjordingen legg ikkje skjul på at han har stor respekt for det arbeidet Løvland og tidlegare målmenn gjorde, og han meiner dagens målfolk kan ha grunn til å sjå seg attende nokre gonger.

– Vi har godt av å minne oss sjølv på dei kampane som dei før oss har teke, og som òg på mange måtar er grunnen til at vi kan bruke språket vårt i den ustrekninga vi trass alt kan. Det er i ei linje etter desse målfolka vi står, og vi må sørge for at vi på vår vakt ikkje gjer skam på dei som har kjempa før oss. Dei kampane som vart tekne når vi går så langt tilbake som til Jørgen Løvland si tid, var så store at dei nesten er uverkelege. Eit døme er jamstillingssvedtaket frå 1885 då det berre fanst nokre få skrivne tekstar på nynorsk.

Sjølv om målkampen i stor grad er ein defensiv kamp for tida, er det positive tendensar å sjå, meiner Peder Lofnes Hauge.

– Ta Bergen som eit døme. Der har vi jo sett tendensar til at nynorsk har vore på offensiven i det politiske miljøet. Det vil jo vise seg kva konsekvensar dette får om nokre år, om dette først og fremst bli festtalar og tomme ord. Ein kan jo innvende at det ikkje hjelper stort med fine vedtak i bystyret i Bergen, om nynorskskular i Arna blir lagde ned eller nynorskelevar får lærarar som ikkje meistrar språket deira. Men eg trur dei festtalane fører til ei haldningsendring i befolkninga, og det er noko vi vil ha meir av, avsluttar han.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

*Eg gler meg til å
reise rundt i landet
og bli kjent med lo-
kallaga våre og få
vite meir om kvar
skoen trykkjer lokalt.*

Råblå

BLÅMUGGOST FRÅ GRINDAL YSTERI

Forteljinga om Grindal handlar om søstrene som ikkje ville flytte heim frå setra. Så vart det til at dei tok over kvar sin gard og fekk bygd seg eit ysteri.

Grindal ysteri er eit økologisk handverksysteri, som med varsemd foredlar rå ku- og geitmjølk til små og store smakfulle ostar.

Råblå er ein av dei. Han vann VM-gull i 2018 og vart kåra til årets ost i Det Norske Måltid 2018.


Om smaken: «Heftig dām av rå mjølk, moden høy, algar og syrlege tonar – kompleks, men snill. Munnkjensla er krema, med

tydelege krystallar. Smaken har ei søtleg opptakt, med gode muggtonar, saltbalanse og frisk aroma. Smakane smeltar i hop, og er mildare enn ein kunne venta seg. Smakar lenge.»

Du finn han kanskje i ein delikatesse- eller MENY-butikk nær deg!



GRINDAL



Johannes Gjerdåker 1936–2020

Johannes Gjerdåker til minne

MED JOHANNES GJERDAKER er ein allsidig bokmann og kulturarbeidar gått bort. Johannes var trygg på sin eigen kulturgrunn og hadde solide kunnskapar om fortids liv og arbeid i bygdene. Det var høg himmel over livet hans, og det var så mange emne han var interessert i og kunne samtala om.

Ei sak som Johannes var sterkt oppteken av, var målsaka og framtida for nynorsk. Han hadde tru på at nynorsken skulle og kunne brukast på alle område i samfunnet. Sjølv skreiv han ein fulltonande og lytefri nynorsk tufta på skriftmålstradisjonen. Johannes var også ungdomens – málungdomens – mann, for han var interessert i kva ungdomen meinte og fylgde med i målblada og -skriftene deira.

Når det galdt den norske bokheimen – både skjønnlitteratur og sakprosa – var Johannes ei

NT MINNEORD

kunnskapsrik kjelde. Lyrikk var ei av hovudinteressene hans, og han hadde mange heltar mellom lyrikarane. Litteraturvitarar skriv ofte berre om dei mest kjende diktarane og forfattarane; Johannes, derimot, ville gjerne lyfte fram underskogen av det litterære Noreg – folk som av ymse grunnar ikkje var så godt kjende mellom lesarane, men som kunne fortene meir merksamd og interesse. Gode døme er Sjur Bygd og Henrik Rytter. Johannes var trugen mot den klassiske nynorske litteraturen, og Olav Aukrust og Olav Nygard var diktarar han ikkje stelte seg ironisk andsynes.

Vi minnest Johannes som representant for den gode samtaLEN. Han var ein lyttande mann og kom ikkje med bastante svar og

løysingar på spørsmål som vart drøfta. Han var nyfiken på kva andre meinte og møtte såleis den andre i samtalene. Han var aldri brautande eller sjølvskrytande i framferd og samtal. Han hadde ei fin evne til å lata den andre tala ut og koma med det han hadde på hjarta. Johannes stilte gjerne spørsmål og sat ikkje på nokon endeleg og urikkande fasit.

Noko som var eit særkjenne ved Johannes var den fine og ugløymande smilen hans. Når nokon hadde sagt noko godt eller råkande, kunne andletet hans bryte fram i ein einaste stor smil. Eller når det vart nemnt eit namn som han sette høgt.

Mange vil nok sakne å kunne drøfte saker og spørsmål med den gode og kloke Johannes på Voss.

Gudmund Harildstad
og Ronny Spaans,
venner

Minneord om Johannes Gjerdåker

JOHANNES GJERDAKER DØYDDE

27. april, 84 år gammal. Gjerdåker var formann i Voss mållag ved to høve, 1978–79 og 1991–93, og sat også fleire år i styret. Han var ein sikker og stø nynorskbrukar heile livet. Han var ikkje den som oftast tok ordet i offentlege ordskifte, men dei gongene han gjorde det, var han svært engasjert.

Gjennom dei mange bøkene og artiklane sine viste Gjerdåker at nynorsk kunne brukast til alt.

NT MINNEORD

Han skreiv sakprosa, han skreiv eigne dikt, og han omsette dikt frå ei rekkje språk. Han hadde ei sterke språkkjensle og eit rikt ordtilfang, og omsetjingane hans var ikkje ferdige før han hadde funne det rette ordet.

Han var godt kjend med norsk målsoge, og han gjorde òg sitt til å

gjera målsoga kjend for fleire. På sitt eige forlag, Vestanbok forlag, gav han ut tre bøker med tekstar av Ivar Aasen.

Johannes Gjerdåker vart utnemnd til heidersmedlem i Voss mållag i februar i år. Me er glade for at han fekk den heideren, og me er takksame for alt han har gjort for det nynorske språket. Me lyser fred over minnet hans.

For styret i Voss mållag,
Eirik Helleve



OPTIMISTISK NESTLEIAR: – Enklare og fleire Synnøve Marie Sætre.

Lovande tal for

– Nesten 1000 fleire medlemer har betalt medlemspenge enn på same tid i fjor, fortel **Synnøve Marie Sætre**, nestleiar i Noregs Mållag.

– I FJOR hadde Noregs Mållag det høgste medlemstalet på 30 år med 13 581 medlemer, og no ser vi at veksten held fram, fortel **Synnøve Marie Sætre**.

Til no i år har 12 400 medlemer betalt medlemskontingenent for 2020, og det er nesten 1000 fleire enn på same tid i fjor. Dette er eit svært godt utgangspunkt for det vidare verpearbeidet utetter året, og det er ingen ting i vegen for å sikte mot eit høgt medlemstal i 2020.

– Vi ser at betalingsviljen går opp når vi gjer det enklare for medlemene å betale, om det er med e-faktura, e-post, vipps eller via SMS. Dette har vi hatt fokus på dei siste åra.



INGER JOHANNE RUSET
teiar i Kringkastingsringen



betalingsmåtar og viktige politiske saker for nynorsk er stikkord for at medlemsveksten held fram, meiner nestleiar

Foto: Ole Gunnar Dybvik

de medlems- Mållaget

– Dessutan er det klart at dei store sakene om ny læreplan og ny språklov engasjerer, og fungerer som påminningar for kvifor Mållaget trengst, seier Synnøve Marie Sætre.

Dei siste tre åra har Mållaget hatt over 13 000 medlemer. Det er 3000 fleire enn for ti år sidan, og medlemstalet i 2019 var det høgste sidan 1989. Noregs Mållag vervar nye medlemer over heile landet, og i fjar auka medlemstalet i alle fylkeslag.

– Eit høgt medlemstal er viktig for å legge tyngd bak dei politiske krava våre, no sist i møte med ei for lite offensiv språklov. Me er mange som krev betre vilkår for nynorsken, slår Synnøve Marie Sætre fast.

Vervetevling 2020

Fjorårets vervetevling mellom lokal-laga var ein suksess, og i år vil dei tjue laga som får flest heilt nye medlemer til sitt lag, vinne bokpakker.

ERIK GROV
erik.grov@nm.no

Vervestatus 25. mai:

Lokallag	Nye i 2020	Lokallag	Nye i 2020
Bergen Mållag	12	Juristmållaget	5
Suldal Mållag	10	Stavanger Mållag	4
Oslo Mållag	8	Stord Mållag	4
Senjamållaget	8	Askøy Mållag	4
Marnar Mållag	7	Hareid Mållag	4
Vinje Mållag	6	Volda Mållag	4
Borgund Mållag	6	Gol Mållag	3
Jæren Mållag	5	Songdalen Mållag	3
Etne Mållag	5	Karmøy Dialekt- og Mållag	3
Kvinnherad Mållag	5	Sula Mållag	3
Bjørnfjorden Mållag	5	Salten Mållag	3
Sogndal Mållag	5	Skedsmo Mållag	3

Proposisjonspreik og tiltaksmangel

I MAI LA regjeringa fram eit framlegg til ny språklov. Innholdet var stort sett som venta, og reaksjonane frå målrørsla har vore delte. For Kringkastingsringen er det viktig at lova skal «fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for», som det heiter i paragraf 1. Dette gjev ein viktig premiss for arbeidet vårt om å få eit godt og mangfaldig språk i media.

SPRÅKLOVA VART LAGD fram som ein del av ein proposisjon til Stortinget. Regjeringa hevdar at proposisjonen skal legge grunnlaget for ein offensiv språkpolitikk. Om vi ser på tiltaka dei ser føre seg på mediefeltet, blir dette ei sanning med modifikasjonar. Det einaste konkrete tiltaket er ein idé om at utanlandske strøymeselskap finansierer norsksspråklege produksjonar for å kunne operere i Noreg. Fint det, men det er for skralt.

IKKJE ER DET spesielt offensivt heller. Eit anna forslag er at Netflix, HBO og Disney+ må betale ei avgift som gir inntekter til dei vanlege norske støtteordningane. Slik kunne vi ha sikra mangfaldet i norsk fjernsyns- og filmdrama. No ligg det meir an til at sel-skapa sjølv skal kunne avgjere kva produksjonar dei vil støtte, og då er det ikkje gitt at det norske språkmangfaldet vil vinne fram. Kringkastingsringen skulle gjerne også sett at til dømes undertekstar på nynorsk vart eit tema for dei internasjonale strøymetenestene, men det nemner ikkje proposisjonen i det heile.

OM LAG SAMSTUNDENES med denne proposisjonen la TV 2 fram rekneskapen for første året som allmennkringkastar. I avtalen med staten står det at dei skal bruke både bokmål og nynorsk, men ingenting om kor mykje. Rapporten slår derfor lett fast at ja, dei har brukt både bokmål og nynorsk i 2019. Dette var ein avtale den sitjande regjeringa skreiv under på, og ein avtale som gir TV 2 125 millionar i året.

I SPRÅKMELDINGA i 2008 var eitt av tiltaka: «Prioriterte språkpolitiske omsyn om styrking av norsk språk generelt og nynorsk spesielt skal tilleggjast stor vekt ved forvaltning og utforming av rammevilkåra for norske allmennkringkastingskanalar generelt (...).» Trass i ei så konkret formulering signerer altså regjeringa ein avtale med TV 2 som gjer at dei slepp unna med å la Eli Kari Gjengedal melde véret på dialekt.

DET ER IKKJE uvanleg at det er langt frå gode intensjonar til konkrete tiltak. Men når det er vanskeleg å få auge på dei gode intensjonane i utgangspunktet, då blir det vanskeleg å bli så veldig begeistra.



MÅLBLOME: Tre styremedlemer i Oslo Mållag overrekte Målblomen 2020 til Ingvild Bryn i hennar eigen blomehage. Frå venstre: Mads Rage, leiar Ellen Hellebostad Toft og Ole Jan Borgund.

Foto: privat

Målblome til Ingvild Bryn

Oslo Mållag markerte Nynorskdagen tysdag 12. mai. Då var det 135 år sidan jamstillingssvedtalet i Stortinget. Oslo Mållag heidra **Ingvild Bryn**


med Målblomen i høve dagen. Leiar **Ellen Hellebostad Toft** sa at Ingvild Bryn får han fordi ho som medieperson er med på å leggje til rette for

at nynorsken skal ha sin jamstilte plass over heile Noreg, også i Oslo.

NY LEIAR I TRØNDERLAGET: Fylkeslaget Trønderlaget har valt **Espen Tørset** som ny leiar. Han har mange år bak seg som redaktør for *Jul i Trøndelag* og har vore leiari i Skaun Mållag.

PRIS TIL TORDIS GAUTEPLASS: **Tordis Gauteplass** får Målprisen 2019 av Buskerud Mållag for å bruke hallingdialekta i NRK, melder *Hallingdølen*. Ho har i mange år vore journalist og fotograf for NRK Buskerud og no NRK Oslo og Viken. I grunngjevinga får ho mellom anna ros for å presentere stofet på klart og tydeleg hallingmål.

– Ho står som ein klar og tydeleg brukar av nynorsk språk og dialekt, og er dermed ein god ambassadør for dette gjennom nesten 30 år.



TRØNDERPRIS: Lars Moa har fått Målprisen 2020 av Trønderlaget.

Foto: privat

SKRIVEKONKURRANSE PÅ VOSS: **Voss mållag** har igjen sparka i gang ein skrivekonkurranse for ungdomsskulane på Voss. I år var temaet Ivar Aasen og norsk språkhistorie, melder avis *Hordaland*.

– Alle tekstane som kom inn, var gode. Juryen hadde verkeleg ein vaniskeleg jobb med å plukka ut den beste teksten frå kvar ungdomsskule, fortel **Sidsel Vinsand** i juryen. Vinnarane vart **Sigrig Rong Bergsvåg** og **Anita Arnetveit Haug**.

PRIS TIL LARS MOA: Trønderlaget har gjeve Målprisen 2020 til **Lars Moa**.

– Vi er glade for å kunne gi denne prisen til Lars Moa. Prisen er vel fortent, seier **Espen Tørset** i Trønderlaget til *Bladet*, avis for Stjørdal. Espen Tørset peikar spesielt

på at Lars Moa har omsett litteratur frå færøysk til nynorsk sidan 2003. Det er både barnebøker, romanar, diktsamlingar, noveller og eventyrsamlingar av særskod kvalitet. I tillegg har Moa eit langt frivillig arbeid bak seg for Stjørdal Mållag. Lars Moa fekk Målblomen av Noregs Mållag i 2007.

587 KRONER TIL SKÅNEVIK MÅLLAG: **Grasrotandelen** er ei ordning som sikrar lokale lag og organisasjonar ein del av den tippesummen som vert tippa for. I fjor sikra det **Skånevik Mållag** 587 kroner.

STØTTE TIL LOKALE MÅLLAG: Utval for kultur og levekår i Hol kommune har fordelt prosjekttilskot, melder *Hallingdølen*. To lokale mållag er inne på tildelingslista: **Ål og Hol Mållag** får 10 000 kroner til barnehageturné og **Hemsedal Mållag** 5000 kroner til dialektleirar for barn og unge. Også Vestre Slidre kommune har gjeve kulturstøtte til **Vestre Slidre Mållag**, på 2000 kr, og Sunndal kommune gjev 3000 kroner til **Sunndal Mållag**.

LÆREBØKER PÅ NYNORSK: **Vennesla dialekt- og mållag** ber kommunen vurdere å kjøpe ei lærebok på nynorsk for å styrke språkkompetansen til elevane, melder *Vennesla Tidende*.

– Mange skular har prøvd oppleget der elevane med bokmål som hovudmål brukar nynorske lærebøker i andre fag enn norsk. Føremålet er først og fremst at elevane skal få meir øving i å lese fagtekstar på nynorsk, skriv **Oddvar Moen**, leiari i Vennesla dialekt- og mållag i eit brev til kommunen.

– Det kjem nye læreplanar for grunnskulen no, og då må skuleigar kjøpe inn ein del nye lærebøker. Det er tiltak som ikkje treng å koste noko ekstra, peikar lokallaget på.

NY LEIAR PÅ NORDMØRE: Nordmøre Mållag har fått ny leiari, **Ingrid Kjønnøy**. Ho har mykje erfaring frå lokalt målarbeid. **Åsmund Ormset** takkar av etter fleire år som leiari.

NYTT NAMN OG NY LEIAR: Norddal Mållag har skifta namn til **Indre Storfjord Mållag**. I framtida vil laget vere eit lokallag for innbyggjarane i nye Fjord kommune på Sunnmøre, tidlegare Stordal og Norddal kommunar. Laget fekk ny leiari på årsmøtet, **Elin Tafjord Skoge**.

MÅLPRIS TIL ELEV: **Andrea Hebnes Tobekk** (17) har fått målprisen frå Rogaland Mållag for innsatsen for å sikre seg sjølv og andre nynorske læremiddel.

– Dette viser at folk set pris på innsatsen, og det gjev meg viljestyrke til å fortsette, seier Andrea Hebnes Tobekk til framtida.no. Ho har gjentekne gongar kritisert den vidaregåande skulen ho går på i Stavanger for ikkje å ta nynorsk og nynorskbrukarar på alvor. Rogaland Mållag skriv dette i grunngjevinga:

– Alt som er, er kjempa fram av nokon, og no framstår også prisvinnaren som ei som kan og vil kjempa for rettane sine og dermed for rettane til andre også.



MÅLPRIS: Andrea Hebnes Tobekk fekk Målprisen 2019 av Rogaland Mållag.

Foto: privat

Mellom 13. mars og 14. mai fekk Noregs Mållag 457 837 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vippes eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

SSverre Aalvik
Scott Aanby
Anne Tone Aanby
Lars Aasbø
Karen Therese Andersen
Olaug Dahl
Kjetil Dukane
Rolf Fredriksen
Angerd Gjerdan
Jon Olav Gryting
Johannes Havstad
Harald Heggland
Olav Hoffuft
Malmfrid N. Homme
John Gustav Johansen
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Birgit Lidtveit
Jon Kolbjørn Lindset
Rune Nylund
Kari Hagelia Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Else Gyro Rysstad
Astrid Stuestøl Sandkjær
Annlaug Sjøtun Simonsen
Hildegunn Sjø
Vidar Toreid
Rønnaug Torvik
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Vellene
Venche Vigerstøl
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Brynjulf Aartun
Ole Bjerke
Astri Marte Bjørgen
Oddbjørg Blakar
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Råmund Bruheim
Tor Sørdal Bue
Ivar Bungum
Inga Berit og Knut Bø
Stein Dahlen
Elisabeth Ebbing
Tordis Eide
Ingvild Marie Eknes
Torhild Ekre
Thor Ola Engen
Hans Enstad
Frode Erstad
Inger Lise Fiskvik
Helga Forslund
Bjørn Ola Foss
Harald Ove Foss
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Stein Grøtheim
Ida Susanne
Grønningsæter
Ola Grøland
Kjell Gulbrandsen
Olav Haraldseid
Anne Haugstad
Gaut Elvesæter Helland
Bjarte Hole
Odd Reidar Hole
Mette Hole
Ola Holen
Dag Johansen
Ola Jonsmoen
Turid Kleiva
Håvard Kleiven
Sondre Kleiven
Harald Kleppe
Inger Margrethe
Kyllingstad

Anders Jan Larsson
Ingrid Hanna Johanne
Laugslet
Gunnar Lien
Inger Oline Lilleeng
Asgeir Lilleås
Albert Lunde
Magni Melvær
Anne Midtbø
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jogrim Nordsletten
Jørgen Norheim
Olaf Nøkleby
Jørgen Nørstegard
Odd Arne Randen
Einar Reitan
Ola Magne Robøle
Oddvar Romundset
Randi Rosenborg
Tone Rui
Kjartan Ruset
Magne Rydland
Torill Røhne
Ketil Sandviken
Hans Sandviken
Ivar Schjølberg
Gunnar Skirbekk
Jakup Skjedsvoll
Arne Skogli
Egil Skulerud
Arne Skuterud
Arne I. Skåle
Nils Steinar Slapgård
Reidun Snerle
Unn-Elisabeth Solhaug
Liv Solheim
Rasmus Stauri
Tormod Stauri
Ivar Sund
Arne Sund
Kåre Sveinhaug
Mogunn Synstnes
Sverre Sørbo
Gudmund Teigen
Ingrid Orstad Teigen
Olav Teppen
Magne Teppen
Rolf Theil
Ola Tolstad
Reidun Tordhol
Ingrid Tørnquist
Lars Ullgren
Jorun Vang
Olav Veka
Magne Velure
Bente Westvold
Ingebjørg Østerås
Åse Grønljen Østmoen
Rune Øygard
Bjarne Øygarden
Reidar Åsgård

BUSKERUD MÅLLAG

Karin Arnesen
Niri Baklid
Maria Høgetveit Berg
Tom Ragnar Berg
Gunvald Bergan
Tor O. Bergum
Herbjørn Brennhovd
Per Drabløs
Erling Håheim
Ola V. Isungset
Kristin Lindberg
Oddrun Murud
Gunlaug Lien Myhr
Odd Oleivsgard
Ingrid Austlid Rise
Kirsten Skarlund
Kjell Snerte

Grethe Sollien
Svein Olav Tovsrød
Sigurd Tveito
Solveig Vestenfor
Petter Øijord

FYLKESMÅLLAGET

VIKVÆRINGEN
Bergfinn Aabø
Gurid Aga Askeland
Edmund Austigard
Børre Austmann
Lone Solveigsdatter Barene
Olav Befring
Anne-Marie Berge
Anfinn Bernaas
Rakel Bjerke
Arne Bjerkelund
Reidar Bjørnerheim
Erlend Bleie
Liv Borchgrevink
Reidar Borgstrom
Harald Brandal
Karen Bø
Tormod Bønes
Bodil Cappelen
Kari de la Cour
Tove Dybesland
Tove Karina Eidhammer
Trond Eiken
Bente Eliassen
Kristin Eliassen
Kirsten Osmo Eriksen
Turid Farbregd
Rigmor Dina Farstad
Marit Holmquist Fenne
Brit Ragnhild Øydna
Fisknes
Ingar Daffinrud Fjeld
Marit Framstad
Kim S. Fureli
Haldor Fykse
Anne Brit Gabrielsen
Inger Gjære
Ingrid Gjertsen
Magne Gjesdal
Arvid Gjæringen
Leif Granmo
Tom Kristian Grimsrud
Øystein Grønmyr
Jostein Grønset
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Christian Ihle Hadland
Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter Heen
Marit Heggenhougen
Ola M. Heide
Mildrid Helland
Karin Mai-Lis Henden
Ingrid Grene Henriksen
Sigrun Heskstad
Lynette Dorothy
Hinrichsen
Ragnhild Hoel
Anne Grethe Hoff
Halldor Hoftun
Valborg Holten
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Heidi Villmunes Hundåla
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Anders Johnsen
Gjertrud Jyngje
Odd Johan Jønsberg
Lena Nakken Kallevik
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Martha Joy Storeide
Kjelsvik

Jarnfrid Kjøk
Liv Dagny Klevstrand
Harald Sverdrup Koht
Kari Kolbeinstveit
Håkon Kolmannskog
Olaug Krogsæter
Silje Aambo Langvatn
Aase Haugan Larsen
Helge Lorentzen
Peggy Jerset Lous
Birgit Synnøve Lunde
Anders Lunnan
Jon Låte
Marte Malones
Vegard Martinsen
Wenche Irene Melby
Norvald Mo
Hilde Mortvedt
Arnold Mundal
Lars Helge Myklebust
Runa Brandal Myklebust
Finn Måge
Solveig Nerol
Eiren Nesheim
Øystein Njål Nordang
Torill Josefine Norhagen
Ingrid Thorsen Norland
Johan Petter Nystu
Lyder Olden
Ivar Nagelgaard Omenås
Bjørg Oppedal
Torgeir Ose
Kari Rysst Paulsen
Alain Egil Adrian Ramdal
Hanne Havåg Ranestad
Benjamin Edillon Reichle
Margrethe Prahl Reusch
Asbjørn Roaldset
Madel Anna Gunnarshaug
Rosland
Siri Andrea Hagen
Rudlende
Unni Rustad
Gunnar Rusten
Frøydis Marie Ruud
Asbjørg Engebø Rystad
Morten Salvesen
Bjørn Edvard Seim
Sølve Selsto
Randi Sjøberg
Åse Camilla Skaarer
Olav R. Skage
Trond Sæbø Skarpeteig
Kristin Skjeldestad
Arne O. Skjelvåg
Synnøve Skjøng
Gudmund Bolstad Skjær
Arve Skutlaberg
Sigrid Skålnes
Helge Skåtun
Kåre Smeland
Sigrid Solheim
Nils Standal
Jon Storm-Mathisen
Anne Mette Strand
Ellen Marie Svea
Anne Joronn Sætre
Jostein Sønnesyn
Tordis Thorsen
Ulrik Fredrik Thyve
Jostein Tjøre
Asbjørn Tolsrød
Odd Roger Torkildsen
Øystein Tormodsgard
Stein Tveite
Steinar Tveites
Marta Sofie Norheim
Tvetene
Per Ivar Vaagland
Ivar Vasaasen
Guri Vesaa

Hilde Vesaa
Jan Vevatne
Lars S. Vikør
Åsveig Vindenes
Jørgen Vogt
Olav Morten Wang
Møyfrid Sylvi Wergeland
Arne Wåge
Dag Ødegaard
Vigdís Óksby
Johannes Georg Østbø
Herlov Øverland
Kristen Øyen
Tormod Ådnøy

HORDALAND MÅLLAG
Hildegunn Aadland
Marianne Aanerud
Torunn Aarre
Ellen Aarseth
Olav Aas
Olav Aasmundtveit
Norunn Agdestein
Livar Aksnes
Audhild Aldal
Solveig Almås
Liv Ingrid Alvheim
Inger Amundsen
Arne Andersen
Daniel Jordal Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Anne Line Asphaug
Svanlaug Jofrid Austgulen
Erlend Bakke
Einar Bardal
Gunn Berit Beck
Marit Gro Berge
Arild Berge
Jarle Berge
Marit Berge
Oddbjørn Berge
Veslemøy Bergo
Eli Bergsvik
Dagrún Berntsén
Kjellaug Birkeland
Leif Olaf Birkeland
Ansgar Bjelland
Tone Reinskou Bjoertveit
Viggo Bjørge
Ragnhild Bjørke
Audun Bjørnberg
Dag Bjørnevoll
Solveig Bjørsvik
Kolbjørn Blikås
Gerd Laura Bondhus
Oddbjørn Borge
Arne Brattabø
Tor Brattebø
Nils Georg Brekke
Reidar Bremerthun
Herdis Brunborg
Endre Otto Brunstad
Torhild Bråthe
Jostein Buene
Aud Sissel Bøe
Ørjan Børve
Hildeborg Dalaker
Knut O. Dale
Reidar Dale
John Dalen
Bernt Daltveit
Olav Digernes
Kristian Djupsland
Hans Birger Drange
Liv Kjellfrid Eide
Jan Ove Eide
Gunn-Vivian Eide
Eirik Ingolf Eldøy
Yngve Endal
Brynhild Enerhaug
Magne Engevik

Inga Margrethe
Fagerbakke
Jarle Fanebus
Gjertrud Fanebus
Astrid Anne Fjeldstad
Sverre Fjell
Erling Fjærstad
Tormod Folgerø
Olav Freim
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Torill Føyen
Bård Steinar Giezendanner
Jostein Gimmestad
Astrid Gjestvang
Lars Gjøstein
Borghild Gramstad
Endre Grutle
Sigmund Grønsdal
Åse Grønsnes
Harald Gunnarsen
Alvhild Halleraker
Øyvind Wiik Halvorsen
Atle Hansen
Magna Hatlebakk
Einar Hauge
Aina Isdal Haugland
Jorunn Havro
Wigdís Karin Helland
Kristian Helle
Wenche Helleland
Ronald Refvik Hellenes
Arnfinn Hellevang
Aslak T. Helleve
Knut Johannes Helvik
Johannes Heradstveit
Kåre Herfindal
Kjell Erik Herheim
Kjartan Hernes
Eli Hillersøy
Svanhild Hjartnes
Eivind Hjelle
Sissel-Anny Hjelmteit
Grete Oline Hole
Oddfrid Hole
Ingunn Holmedal
Karl Johan Holmås
Karl Hope
Arnfinn Hopland
Helge Hopland
Signe Hoprekstad
Arny-Sissel Myking Horsås
Bjørn Husfest
Elin Huus
Martha Hægstad
Britt Høyland
Johanne Telnes Instanes
Geir Instanes
Olav Instefjord
Kristine Selvik Jacobsen
Else Jerdal
Aslaug Garnes Johnsen
Leif Johnsen
Brita Jordal
Marta Kløve Juuhl
Ingvild Jøsendal
Randi Jåstad
Ole Johannes Kaland
Åse Marit Kalhovd
Solveig Katle
Sæbjørg Hageberg Kjeka
Folke Kjelleberg
Arne-Ivar Kjærland
Geir Kleiveland
Marit Klette
Vigdís Marie Knudsen
Liv Hopland van der Kooij
Gunnar Kvalnes
Magne Kvaeven
Kari-Anne Landro
Torfinn Langelid

Marit Hannaas Larsen
 Ingebjørg Synnøve Lekve
 Marit Schmidt Lie
 Henry Johannes Lie
 Asbjørn Lie
 Åsmund Lien
 Kari Lloyd
 Målfrid Ljones
 Linbjørg Lunde
 Marit Merete Lunde
 Kjellaug Lundestad
 Kjetil Lygre
 Tore Lyssand
 Harald Lyssand
 Sigrun Lægreid
 Torstein Løning
 Margunn Melkersen
 Brynjulf Melve
 Anne Marie Midtbø
 Arvid Midttun
 Therese Helland Mills
 Kristi Yttrdal Moe
 Nils Moldøen
 Kari Molland
 Leif Bjørn Monsen
 Svanhild Monstad
 Karin Monstad
 Lillian Morvik
 Lars Mossefinn
 Bjørn Myhren
 Kjell Inge Myklatun
 Jan Myklebust
 Jostein Mykletun
 Einar Myster
 Nils Mæhle
 Bjørg Odlaug Måge
 Amund Måge
 Johannes A. Måge
 Aud Måseide
 Eli Karin Nerhus
 Gunnvor Ness
 Knut Olav Røssland Nestås
 Arne Olav Nilsen
 Øyvind Per Norang
 Anna Haukås Nordeide
 Randi Nordjord
 Bjørn Egil Nordland
 Lisbeth Norendal
 Else Helen Nornes
 Helge Martin Nygård
 Åsmund Ohnstad
 Åse Opheim
 Aud Oppedal
 Olai Otterå
 Anfinn Otterå
 Johnny Ottar Pedersen
 Inga Rasdal
 Hans Olav Raubotn
 Rannveig Reigstad
 Vigdís Reigstad
 Berit Reinsaas
 Kjetil Revheim
 Lars Riise
 Inger Marie Mathisen Riise
 Grete Riise
 Berit Falk Risvold
 Håvard Romarheim
 Gudrun Rosseland
 Kjersti Kjenes Rydland
 Solveig Roen
 Magnhild Rørtveit
 Ann Kathrin Røssland
 Håkon Sagen
 Arvid Sakseide
 Marit Sakstad
 Lars K. Sandven
 Solbjørg Åmdal Sandvik
 Olav Sandvik
 Helge Sandøy
 Sverre Sangolt
 Lise Schirmer
 Heidi Seifaldet
 Torbjørn Seim
 Marit Heidi Seim
 Kjersti Sjøtun
 Bjarne Skarestad
 Olav Johannes Skeie
 Gunvald Skeiseid
 Arne Skjerven
 Bjarne Skjold
 Arnlaug Skjæveland
 Per Skjæveland
 Eivind Vågslid Skjæveland
 Lars Skorpen

Harald Skorpen
 Signe Skotteberg
 Anne Marie Skurtveit
 Marie Skålnes
 Kari Smith
 Jostein Småbrekke
 Harry Solberg
 Asbjørn Solberg
 Turid Solberg
 Anders Soldal
 Oddvar Soldal
 Åshild Soltvedt
 Synnøve Solvang
 Halldis Spilde
 Mette Løkeland Stai
 Målfrid Stautland
 Idar Stegane
 Gunnhild Steinsland
 Lars Johan Steinvik
 Odd Kåre Stokkeland
 Arjen L H Stolk
 Nelly Storebø
 Gerhard Inge Storebø
 Anne Karin Stormyr
 Sverre Storøy
 Alf Magnar Strand
 Jan Gunnar Strand
 Lidveig Stubhaug
 Brit Olin Styve
 Tobia Therkildsen
 Sudmann
 Rolf Sigmund Sunde
 Lars Børge Sæberg
 Anne Sæland
 Borgny Særsten
 Mari Flølo Søgaard
